



*Presentasjon av historia og verksemda*

*1979 – 1995  
og tida etterpå*

**Innhald:**

1. Historia til Teater G 35+	3
2. Viktige tema og prosjekt i verksemda	5
3. Samfunnspolitisk engasjement vekte reaksjonar	8
4. Produksjonar og program og andre aktivitetar	9
5. Etter 1995	20
6. Deltakarar i produksjonar, diverse program og statistoppdrag m.m.	21
7. Instruktørar m.m.	22
8. Framsyningar og publikumstal	23
9. Framsyningsdatoar, arrangørar, spelestader m.m.	24

**Forkortingar m.m.:**

NU	Noregs Ungdomslag
BLS	Bygdelagssamskipnaden i Oslo
BUL	Bondeungdomslaget i Oslo
Storsalen/	Nordahl Brunsgt. 22 (BLS)
Halli/	- « -
Blåsalen/	- « -
Småsalen	- « -
Teatersalen	BUL Oslo

## 1. Historia til Teater G 35+

### Innleiing

Teater G 35+ hadde sin spede start i mai 1979, og heldt på fram til 1995. Grappa sitt repertoar gjennom 16 år omfatta på den eine sida det klart samfunnspolitiske og samfunnsmessige engasjementet, som i programma 'Riv ned gjerdene' frå 1980 og framover i mange år gjennom ulike større og mindre program, der vi i særleg grad tok opp forholda i Latin-Amerika, 'Den vesle forskjellen' i 1982-1984, med tema kjønnsroller og undertrykking, 'Den store fargeslukaren' i 1985, også med tema undertrykking, og 'Norske sleivspark' i 1988, der vi harselerte over diverse aktuelle norske fenomen og trendar.

Engasjementet for Latin-Amerika fekk eit høgdepunkt med ein tur åtte medlemmer av grappa gjorde til Nicaragua i august 1990. Der synte vi fram ei dramatisering av den gamle folkevisa 'Horpa', og samla dessutan impulsar og materiale til ein produksjon i 1991 som fekk tittelen 'Haien og sardinane' – eller ein bildevev om Nicaraguas historie.

I tillegg til dette samfunnsmessige engasjementet arbeidde Teater G 35+ i alle år med diverse programformer, som mindre sangprogram som kunne framførast i ulike samanhengar, syngespelet 'Veslefrikk' i 1987 og den siste store produksjonen vår, 'Mjølner' i 1994, eit syngespel om Tor med hammaren frå den norrøne mytologien.

To av produksjonane var basert på tekster av Tor Åge Bringsværd, 'Den store fargeslukaren' og 'Mjølner'. 'Veslefrikk' var basert på eventyret om Veslefrikk med fela. Mykje av musikktilfanget grappa har brukt er henta frå ulike kjelder, ikkje minst innafor den sjangeren som kan kallast protestviser. Sangar frå Chile og Nicaragua representerte ein stor inspirasjon for grappa.

Grappa sjølv stod også for tekst og sangar til fleire produksjonar, i særleg grad 'Den vesle forskjellen' og 'Norske sleivspark', og all musikken til 'Mjølner'.

### Namn og formål

Etter starten i 1979 fekk grappa namnet Teater- og visegrappa i Gudbrandsdalslaget i Oslo. Etter lang diskusjon og mange forslag vart namnet endra til Teater G 35+ i 1984. Gjennom alle år heldt grappa fast på profilen og dei grunnleggande målsettingane, blant anna:

- Arbeide med ei teaterform som i størst mogleg grad gjev medlemmene høve til skapande innsats.
- Markere Gudbrandsdalslaget i Oslo som eit samfunnsengasjert lag.
- Arbeide for solidaritet med undertrykte menneske gjennom programskapande verksemd.
- Arbeide for å auke vørnaden for talemålet til folk ved i størst mogleg grad bruke dialekt og nynorsk i verksemda.

### Omfanget av verksemda

Teater G 35+ hadde i alt 161 framsyningar med eit samla publikumstal på bortimot 12.000 personar (der framsyningane i Nicaragua utgjer ca 1.900). 104 personar var medlemmer og/eller aktive deltakarar i grappa gjennom framsyningar og statistoppdrag i

filmproduksjonar, bl.a. i NRK. Medlemmene i gruppa tok på seg flytteoppdrag og sminkeoppdrag og arrangerte kakelotteri som ledd i finansieringa av verksemda.

### **Ein viktig arena**

Teater G 35+ representerte eit miljø og ein arena for mykje glede og sosialt samhald, for kunstnerisk utvikling og for samfunnsmessig og samfunnpolitisk engasjement, der solidaritet med undertrykte menneske stod i sentrum.

Etter suksessen med 'Døla Piratsender våren 1979 var det truleg ingen av oss involverte som hadde konkrete tankar om vidare teaterengasjement, Men revyen hadde tent ein gnist, og det tok rett og slett fyr i brennbart materiale – revyarbeidet opna heldigvis sluser for musikalsk kreativitet og samfunnsmessig engasjement som kanskje elles ikkje ville ha fått moglegheit for utfalding. Det viste seg såleis at mange av dei som var i kretsen i og rundt teatergruppa den gongen hadde eit engasjement som ikkje gjekk i retning partipolitisk arbeid, og som gjennom teatret fann ein eineståande kanal og ei formidlingsform for dette engasjementet.

### **Dokumentasjonsprosjekt – og like aktuelt**

Medlemmer i gruppa har i alle år etter 1995, da Teater G 35+ avslutta 16 års verksemd, halde ved like sangtradisjonane frå verksemda, og det har også vore laga sangprogram for framsyning i desse åra. I 2013 kom idéen om å satse meir målretta på eit nytt program. Formålet skulle for det første vere å dokumentere historia til Teater G 35+ gjennom eit utvalg sanger og musikk frå ulike produksjonar i åra 1979-1995 for å gje eit bilde av kva gruppe vi var og kva som var drivkrafta i arbeidet. For det andre kunne dette moglegvis gje eit program for offentleg framsyning. Arbeidet kom for alvor i gang i 2015 – med andre ord '20 år etterpå', Tittelen på programmet vart 'Riv ned gjerdene', noko som knyter sterke historiske band attende til Teater G 35+ for oss som har arbeidd med programmet.

Gjennom alle åra Teater G 35+ var i verksemd vart det gjort ei mengde med bandopptak både av musikk, heile programframsyningar og frå øvingar. I samband med det nemnde dokumentasjonsprosjektet er målsetninga å redigere det beste av dette lydmaterialiet, slik at det ligg samla på band og digitalt.

Gjennom arbeidet dei siste par åra har vi stadig fått bekrefta at mykje av det vi tok opp i produksjonane våre for 35-36 år sidan og framover er like aktuelt i dag, til tider skremmande aktuelt. Nye gjerde blir bygt for å stenge ute folk og stenge inne meiningar og oppfatningar. Derfor kjennes det meiningsfullt å gje eit bidrag, om det er aldri så lite, ved å framføre sanger og tekster av det slaget Teater G 35+ alltid har gjort.

## 2. Viktige tema og prosjekt i verksemda

### 1. Latin-Amerika

Teater G 35+ sitt fremste kjenneteikn vart engasjementet for den politiske og samfunns-messige situasjonen i Latin-Amerika og for fridom og demokratiske rettar alment. I kabaréane 'Eit program om fridom' og 'Riv ned gjerdene' tok vi opp temaet gjennom bruk av sangar, dikt og samanbindande tekster, og der Latin-Amerikas historie og kultur, med vekt på nyare tids politiske utvikling, utgjorde ein vesentleg del av stoffet. 'Riv ned gjerdene' vart vist 32 gonger i 1980-82 og i 1984, det største framsyningstalet gruppa hadde med nokon produksjon.

I 1985 tok gruppa på ny utgangspunkt i Latin-Amerika med kabaréen 'America Libre' (1985-86). Her var alt stoffet, dikt, sangar og forteljingar, henta frå dette kontinentet. Vidare stod Teater G 35+ hausten 1986 ansvarleg for eit TV-program for Noregs Ungdomslag i serien TV-Ti på NRK, med uforming og som aktørar. Programmet tok utgangspunktet i 'Riv ned gjerdene', men denne gongen i ei dramatisert form.

Fleire av medlemmene i gruppa var i desse åra aktivt engasjerte i sosiale, politiske og kulturelle forhold i Latin-Amerika bl.a. gjennom tillitsverv m.m. i ulike organisasjonar.

### 2. Samfunnssatire

Samfunnssatire og søkeljos på forhold i tida var eit tema som Teater G 35+ tok opp i ulike samanhengar og prosjekt, og hang nøye saman med engasjementet for Latin-Amerika og spørsmål om demokrati, kjønnsroller og undertrykking m.m.

Temaet kom i særleg grad til uttrykk i produksjonane 'Veslefrikk' og 'Norske sleivspark'. I den sistnemnde serverte gruppa spark i mange retningar, norsk samfunnsliv anno 1988 stod lagleg til for hogg, og temaene som vart teke opp var velkjende frå massemedia og offentleg debatt. I eitt av innslaga balanserte gruppa på ein knivsegg. Temaet var innvandring i lokalsamfunnet, og ein lokapolitikar gjev uttrykk for sterke meinigar som kunne tolkast som rasistiske. Ikkje alle forstod kva vi ville med dette – var Teater G 35+ sjølv ei gruppe med snert av rasistiske haldningar? Dette vart nemnd i eit teaterseminar som var arrangert dagen etter framsyninga vår under den nasjonale amatørteaterfestivalen på Lillehammer i juni 1988, men utover det fekk vi ingen negative reaksjonar på stykket.

Det ein moglegvis kan beklage, i etterpåklokskapens ljós, er at Teater G 35+ ikkje riktig makta å sette ein 'dagsorden' med ein produksjon med denne tematikken, slik vi i ganske stor grad gjorde f.eks. med 'Riv ned gjerdene' nokre år tidlegare. Vi prøvde, i den grad talent og tid og ressursar strakk til,

### 3. Nicaragua

Noregs Ungdomslag hadde sidan 1983 ein kulturutvekslingsavtale med Ungsandinistane i Nicaragua. Hausten 1988 fekk Teater G 35+ forespørsel frå Teaterrådet i Noregs Ungdomslag om å gjere ein tur til Nicaragua i 1989 som ledd i denne avtalen. Gruppa hadde ikkje høve til dette på så kort varsel, men tok imot tilbodet om å gjere turen i 1990.

Målsettingane for dette prosjektet og for turen var å presentere eit norsk teaterstykke,

innsamling av dokumentasjon og materiale om nicaraguask kultur og historie med sikte på ein ny teaterproduksjon, samt informasjons- og medietiltak hausten etter gjennomført tur.

I og med at gruppa hadde mykje erfaring med å skrive sine egne teaterproduksjonar var vi ikkje avhengig av å bruke eit ferdig manus, og dette gjorde det mogleg å velje tema/stykke på fritt grunnlag. Vi kunne såleis skreddarsy eit teaterstykke for turen til Nicaragua ut frå eit definert formål. To ting var særleg viktige med det nye stykket: 1. Identitet – vi ville presentere eit stykke med utgangspunkt i norsk kultur; 2. Kommunikasjon – musikk og drama er internasjonale språk, og også naturlege kommunikasjonsmiddel for oss som teatergruppe. Men det måtte gjerast enkelt for å oppnå kontakt med ulike aldersgrupper meit eit anna språk og ein heilt annan kulturbakgrunn.

Valget fall på ‘Horpa’, ei folkevisе/ballade brukt til dans som har hatt stor utbreiing i Norge. Hovedmotivet i balladen er likevel allment og internasjonalt, nemleg trua på omskaping og sjelevandring, at døde menneske kan kome att som dyr eller andre skapningar. Dette er eit motiv vi finn i viser, eventyr og segner frå mange land verda rundt.

Det var åtte framsyningar i Nicaragua med eit samla publikumstal på anslagsvis 1.900, på det meste var det ca 500 tilstades på ei framsyning.

Etter turen til Nicaragua utarbeidde Teater G 35+ ein rapport som både omfatta ein praktisk del med planlegginga og gjennomføringa av turen, samt ein del med artiklar om våre inntrykk frå landet og møtet med folket.

### ***Alan Bolt***

Under besøket i Nicaragua fekk vi treffe Alan Bolt, ein internasjonalt kjend dramatikar og skodesepelar, og leiar av Teatro Nixtayloro, med tilhaldsstad i Matagalpa. Dette møtet førte til at Bolt vart invitert til Norge i oktober og november 1991. Teater G 35+ stod hovedansvarleg for ‘Prosjekt Bolt 91’ i samarbeid med Noregs Ungdomslag og Norsk Amatørteaterråd. Bolt gjennomførte 4 opne kurs, han var gjestelærer på Romerike folkehøgskole og på Psykodramatisk institutt på Tjøme, dessutan vart det arrangert besøk for Bolt ved ulike skolar og organisasjonar, der han heldt foredrag og orienterte om teaterarbeidet sitt.

Alan Bolt var ein av Latin-Amerikas fremste eksponentar for ‘teatro popular’ – folkeleg teater eller ‘dei undertykte sitt teater’, som det også blir kalla. Hovedessensen i denne teaterforma er å gjere folk bevisste sin eigen livssituasjon, ikkje ved å overbevise, men ved å motivere og inspirere til refleksjon og kritisk tenking. Løysingane på dei konflikter som teatret tek opp skal ikkje kome frå skodespelarane, men frå publikum sjølv. For Alan Bolt var teatret og dramaet ein vesentleg reidskap i menneskelege og samfunnsmessige utviklingsprosessar. – Teater er å få eit bedre liv, var hans motto, og scena er ein magisk stad der alt kan skje!

### ***Casa de Cultura***

Teater G 35+ kom etter turen til Nicaragua med forslag om at Noregs Ungdomslag skulle sette ein gang ein innsamlingsaksjon i ungdomslaga for å samle inn pengar til kulturhus i Nicaragua, Casa de Cultura. Gruppa samla sjølv inn 10.000 kr til aksjonen, som vart overlevert til Noregs Ungdomslag i 1993.

#### 4. Haien og sardinane

Med ‘Haien og sardinane’ ville vi formidle inntrykka våre frå Nicatagua. Vi tok utgangspunkt i sentrale hendingar frå 1502, da indianarane oppdaga Colombus, og fram til vår tid, og blanda dette med ulike element til ein bildevev som presenterte både fakta og fiksjon, alvor og glede, lys og skugge. Historia til dette landet er i seg sjølv så absurd at den på oss kjølege nordeuropearar kan verke som eit drama vi trur kan finnast berre på ei teaterscene eller i ein sirkusmanesje. I ‘Haien og sardinane’ vart ei reise gjennom nesten 500 års historie i ei blanding av sang, dans, fakta og absurd politisk spel.

Etter ei framsyning i Røn i Vestre Slidre i oktober 1991 hadde Avisa Valdres sin kulturmedarbeidar ein heller kritisk omtale av prestasjonen, og som munna ut i eit spørsmål om dei ‘verkeleg spelar toradar i Nicaragua når dei syng nasjonalsongen’. Omtalen skapte ein del reaksjonar, både ved lesarinnlegg og redaksjonell leiar i avisa. Magne Olav Brevik, instruktøren vår for stykket, svara på vegne av seg sjølv og av gruppa.

#### 5. Våre myter og eventyr

‘Mjølner’ i 1994 skulle bli den siste teaterproduksjonen til Teater G 35+, og det var einaste gong gruppa nytta seg av ei forteljing frå norrøn mytologi. Vi valde historia om guden Tor som mistar hamaren Mjølner (kanskje best kjent som Trymskvida). Produksjonen var basert på utdrag frå skodespelet ‘Odin’ av Tor Åge Bringsværd, og han skriv i føreordet til ‘Odin’ blant anna følgjande:

« De gamle historiene om Odin og Tor, Balder, Frøya og Loke er en vesentlig del av vår kulturarv. De fortjener å bli holdt levende. Det er et spørsmål om å ha røtter.

Dessuten er vår norrøne mytologi – etter min mening – rett og slett et av de mest spennende, originale og tankevekkende forsøk saom overhodet finnes på å beskrive vår indre og ytre virkelighet – fange livet og tilværelsen med ord og poetiske bilder.

Hvem har for eksempel hørt om en øverste gud som har skapt verden, men som ikke forstår den? Det er jo det som er Odins problem. Hverken mer eller mindre. Det er det som ligger bakenfor hans umettelige kunnskapstørst. Han har skapt verden – og han forstår den ikke. Men han vil forstå den! Odin gir hva som helst – ja, til og med sitt ene øye – for å kunne gripe om så bare en ny, liten flik av alle de skjulte og gåtefulle sammenhenger han aner omkring seg.

Myter og eventyr blir aldri uaktuelle. For de handler ikke bare om ‘den gang’ og ‘den tid’. De kan like gjerne fortelle om ‘hver gang’ og ‘all tid’. Men hver generasjon må likevel erobre dem på nytt. Fortelle dem om igjen. På sin måte. Holde dem opp mot lyset fra sin egen hverdag.

Jeg tilstår åpent at jeg føler at Odin er kommet meg ganske nær under arbeidet med dette skuespillet. Jeg har fått en ny respekt og beundring fro Den enøyde - og for de gamle æsene. «

### 3. Samfunnspolitisk engasjement vekte reaksjonar

‘Eit program om fridom’, ‘Riv ned gjerdene’ og ‘America Libre’ trefte i stor grad tidsånda og politiske og samfunnsmessige strøymingar på 1970- og 80-talet, bl.a. gjennom det sterke engasjement hos mange for situasjonen i Latin-Amerika og Palestina-konflikten. Noregs Ungdomslag (som Teater G 35+ var tilslutta gjennom Gudbrandsdalslaget i Oslo) opplevde det som mange karakteriserte som ein ‘venstrevind’, bl.a. vart det på årsmøtet i 1980 gjort vedtak om å godkjenne PLO som palestinarane sitt offisielle organ, og det internasjonale solidaritetsarbeidet var i ferd med å vekse fram i organisasjonen.

Dette internasjonale engasjementet i Noregs Ungdomslag var ikkje problemfritt, og skapte mykje diskusjon og strid. Dette skulle også Teater G 35+ erfare gjennom verksemda si. Det var såleis medlemmer i Gudbrandsdalslaget som meinte at lagsverksemda skulle vere heilt upolitisk, og at Teater G 35+ braut viktige prinsipp for kva eit ungdomslag kunne drive med. Dette tilspissa seg i 1983, bl.a. vart det ei viktig sak på årsmøtet i Gudbrandsdalslaget. Det var såleis fleirtal for ikkje å vedta ei fråsegn om støtte til Nicaragua i samband med Noregs Ungdomslag sitt solidaritetsprosjekt ‘Handslag til Nicaragua’, og nokre av dei som hadde vore med i programmet ‘Riv ned gjerdene’ gjekk ut av gruppa.

Det fundamentale utgangspunktet for Teater G 35+ var sjølvsagt at verksemda var partipolitisk nøytral, og at det var ei viktig oppgave og eit ansvar for eit ungdomslag tilknytta ei frilynt rørsle som Noregs Ungdomslag å ta tydeleg stilling til viktige spørsmål i tida. Den interne diskusjonen i Gudbrandsdalslaget hadde derfor ingen konsekvensar for Teater G 35+ si vidare verksemd eller for programprofil og engasjement.

Eit lite etterspel kom i 1995. Det følgjande er henta frå lagsavisa Guriluren nr 4 1995. Bakgrunnen var at avisa Gudbrandsdølen 9. juni hadde ein presentasjon av laget og intervju med lagsleiaren i samband med 75-årsjubileet i laget 10. juni. I intervjuet seier leiaren m.a. at eit lag som kalla seg Døladans var eit resultat av splitting i teatergruppa. «Det gjekk politikk i den gruppa og det var mykje uro der», og «Den lever framleis sitt eige liv og har rekruttering også frå andre stader enn dalen» uttala lagsleiaren blant anna. Dette gjorde at teatergruppa stilte spørsmål til lagsleiaren om kva som var meint med ‘splitting’, ‘politikk’, ‘lever sitt eige liv’ og ‘rekruttering frå andre stader’. I svaret frå lagsleiaren heiter det bl.a. at mange som var aktivt med i laget for 15 år sidan ikkje følte seg heime, og grunnen til dette synes å ha vore at laget vart for politisk engasjert og det var stadig den «raude tråden» som var hovedtema. Vidare meinte leiaren at teatergruppa ikkje tok aktivt nok del i anna lagsarbeid, og at gruppa såleis levde sitt eige liv.

Dette var altså noko som kom opp i 1995, og teatergruppa hadde da for lengst avslutta verksemda. Men lagsleiaren målbar nok meiningar og oppfatningar hos ein god del medlemmer i laget i dei åra Teater G 35+ heldt på. Det er imidlertid interessant å konstatere at dei fleste av medlemmene i teatergruppa samtidig var blant dei mest aktive og engasjerte også i lagsverksemda elles – både som lagsleiarar og hyttestyreleiarar og som medlemmer i lagsstyret og hyttestyret.



## 4. Produksjonar og program og andre aktivitetar

1979

### *Døla Piratsender*

Historia om Teater G 35+ startar med revyen ‘Døla Piratsender’, som vart framført på eit lagsmøte i Gudbrandsdalslaget i Oslo 21. mai 1979 og deretter i Marlo grendahus i Skjåk tre dagar seinare. Revyen vart spela inn på band i desember og sendt i NRK Oppland i januar 1980. Som namnet tyder på henta dette programmet stoffet sitt frå det indre liv og miljø i Gudbrandsdalslaget, og alle tekstene var skrivne av dei medverkande.

15 medlemmer i laget deltok i revyen, det var bortimot 100 personar tilstades på Dølakvelden i laget i mai, og revyen var ein suksess. I Marlo grendehus var det 200 personar tilstades, og ny suksess.

Med dette var altså det første, ‘uformelle’ grunnlaget lagt for Teater- og visegruppa i Gudbrandsdalslaget i Oslo, frå 1984 Teater G 35+.

Premiere: 21. mai, Gudbrandsdalslaget i Oslo, Halli.

1980

### *Jubileumsprogram til Gudbrandsdalslaget i Oslo*

#### *Eit program om fridom*

#### *Riv ned gjerdene*

### **Jubileumsprogram**

Gudbrandsdalslaget i Oslo feira 60-årsjubileum med fest i Samfunnssalen 23. februar. Teatergruppa bidrog med eit eige jubileumsprogram i hovudsak basert på eigne tekster, som tok utgangspunkt i lagshistorie, lagshytta Skjennungstua, sitat frå lagsavisa Guriluren mm. Festen samla ca 240 deltakarar.

### **Eit program om fridom**

Sentralt i dette programmet var spørsmålet ‘kva legg vi i begrepet fridom’? Intensjonen var sjølsagt ikkje å prøve å gje noko svar, men heller å trekke fram ein del sider ved menneskas tilvere og situasjon der vi møter fridomsproblematikk og utfordringar i kanskje sterkare grad enn andre gonger. Det fanns ei mengde med tekster og sangar som tek opp sider knytte til begrepet fridom. Vi gjorde eit utvalg ved dette høvet både av norske og utanlandske sangar og dikt, bl.a. ‘Riv ned gjerdene’ av Daniel Viglietti frå Uruguay, som skulle bli gruppas kanskje kjæraste sang og kjennemerke.

Som nemnd ovanfor trefte ‘Eit program om fridom’ trefte i stor grad tidsånda og politiske og samfunnsmessige strøymingar på den tida, og Noregs Ungdomslag var i gang med å forme ut profilen for sitt internasjonale engasjement. ‘Eit program om fridom’ var ikkje noko kunstnarleg høgdepunkt for gruppa, men eit reindyrka resultat av eit sterkt og veksande engasjement. Med oppfølgjaren ‘Riv ned gjerdene’ slo gruppa ut i full blomst. ‘Eit program om fridom’ vart vist to gongar, i Gudbrandsdalslaget og i samband med Bygdøystemna. På Bygdøy spela vi på friluftsscena, som ga gruppa ein del ekstra utfordringar. Publikum som hadde møtt fram var likevel rause med applausen.

### **Riv ned gjerdene**

Med dette programmet vart profil og tematikk skjerpa, nye sangar og tekster kom til og andre gjekk ut i høve til 'Eit program om fridom'. Hausten 1980 hadde gruppa fem framsyningar av programmet, fire av desse hos lag i Bygdelagssamskipnaden.

Premiere: 23. oktober, SoSuNor, Halli.

## **1981**

### ***Riv ned gjerdene***

I januar fann programmet si endelege form, og teatergruppa byrja for alvor å opparbeide seg eit namn. Dette året hadde gruppa 20 framsyningar med 'Riv ned gjerdene', bl.a. på landsstemna i Noregs Ungdomslag i Haugesund og på eit arrangement Chileaksjonen hadde på Folkets Hus i Oslo den 11. september (markering av militærkuppet i Chile i 1973). Gruppa besøkte også Hundorp, Dovre og Maihaugen med programmet, og den turnéhelga i februar vart avslutta med innspeling av heile programmet på kassett hos Josef Holm/Sole-Viton i Gausdal. Vidare var det framsyning bl.a. i Lom og på Kongsberg.

Instruktør: Erik Lie.

## **1982**

### ***Den vesle forskjellen*** ***Riv ned gjerdene***

#### **Den vesle forskjellen**

Arbeidet med syngespelet starta opp hausten 1981 med mange og lange diskusjonar om tematikk og innretning på programmet. Blant dei tema vi tok opp var kjønnsroller og den kommersialismen og lettvinde lykkepropagandaen som gjennomsyrrer samfunnet vår. Målet med programmet var såleis både å underhalde og skape debatt.

Representanten for kraft, vitalitet og livslykke er vår kjende Fals K. Lycke. Han er konferansier og tek oss med til Lyckeland, der han kårer Årets Lyckepar, og vi møter vår tids skikkelege Mannfolk. Vi havnar i eventyret om skillingdraugen, møter Oskar og kona sin familieidyll med oppvask, ungeskrik og videoflukt. Men kva er Norge utan arbeidslivet? Sekretær Blues og Du må vere frampå syner korleis vi har det. Kva betyr skolen og barndommen vår for synet vårt på gut og jente? Hei, lærer! og Den vesle forskjellen kan fortelje. Og målet er Like kår.

Frå sluttsangen: Det er 'kje noko vi har funne – funne på, du ser det nok om du kan gløyme tradisjon og tvang! Du må berre jobbe med deg sjølv – du må berre jobbe med deg sjølv. Og etterpå skal vi fortelje dei som styrer og rår: alle saman har vi rett på på like kår!

Det var første produksjonen i gruppa der vi i nokon grad tok i bruk scenografi med utstyr. Det vart såleis brukt isoporblokker i ulik storleik, som vart arrangert i ulike formasjonar mellom scenebilda, noko som fungerte svært bra. Utstyret tok ein del plass ved transport, men var samtidg lett og enkelt å handtere-

Teater G 35+ skreiv sjølv tekster og musikk.

Instruktør: Nils Gunnerud

Premiere: 24. juni, Landsstemna i NU, Marlo grendahus i Skjåk.

### **Riv ned gjerdene**

Gruppa hadde fem framsyningar i 1982, bl.a. under eit stort arrangement Latinamerika-gruppene i Oslo hadde på Munchmuseet i februar, og hos BUL Sarpsborg.

## **1983**

### *Jubileumsprogram til BLS*

#### *Revyprogram til landsstemna i NU*

#### *Den vesle forskjellen*

#### *Gudbrandsdalen i ord og tonar*

### **Jubileumsprogram til BLS**

BLS feira 60-årsjubileum i Storsalen i Nordahl Brunsgt. 22 12. mars , og teatergruppa bidrog med eit utdrag av 'Døla Piratsender'.

### **Revyprogram til landsstemna i NU**

Landsstemna vart arrangert i Oslo, og tesatergruppa deltok med eit spesiallaga revyprogram som vart vist både under ei stor amatyørteater-mønstring på Det Norske Teatret og på lagshytta Skjennungstua.

### **Den vesle forskjellen**

Syngespelet vart omarbeidd ein del, bl.a. med nye sangar, og to av aktørane frå 1982 hadde slutta og to nye kome til. Det var berre ei framsynint i 1983.

### **Gudbrandsdalen i ord og tonar**

Samstundes som ein del av gruppa arbeidde vidare med 'Den vesle forskjellen' var ein annan del oppteke med programmet 'Gudbrandsdalen i ord og tonar', som var samansett av viser, sketsjar, lyrikk og folkemusikk med fellesnevaren Gudbrandsdalen. Det var ei framsyning.

## **1984**

### *Den vesle forskjellen*

#### *Gudbrandsdalen i ord og tonar*

#### *Riv ned gjerdene*

#### **Den vesle forskjellen**

### **Den vesle forskjellen**

Teatergruppa gjorde ny tur til Gudbrandsdalen, og hadde framsyning i mars på Folkets Hus på Vinstra og i Vårdalen grendahus. Arbeidet med 'Den vesle forskjellen' vart avslutta med innspeling av musikken på kassett i studio i NRK.

### **Gudbrandsdalen i ord og tonar**

Det var tre framsyningar av programmet, bl.a. på Gudbrandsdal Folkehøgskole på Hundorp.

**Riv ned gjerdene**

Det var to framsyningar med utdrag av programmet i samband med Amnesty-aksjonen i Enebakk og i Asker.

Etter dette var arbeidet med programmet med namnet 'Riv ned gjerdene' avslutta.

**1985*****Den store fargeslukaren  
America Libre*****Den store fargeslukaren**

Dette var den nye store satsinga til teaterguppa. Arbeidet starta opp hausten 1984, og involverte 10 aktørar, fem musikarar og to teknikarar. Når det gjaldt scenografi tok vi også eit langt steg framover, med bruk av kulisser som vi sjølve laga, og på den teknisk sida vart det nytta både lys- og lydutstyr.

Handlinga går ut på at den store fargeslukaren har rsteke makta i eit land, han styrer med hard hand og held folk som fangar. Mange flyktar i panikk, dei har mista alle farger og all musikk, fargeslukaren har teke alt i sin umettelege trong etter alt som er vakkert. Ein klovn møter flyktningane, og prøver å få dei til å ta opp kampen. Men ingen tør, og klovn bestemmer seg for å prøve å gjere slutt på fargeslukaren aleine. Klovn møter ein katt som vil hjelpe med sine trylleevner. Det endar med at dei klarer å drepe fargeslukaren, alle blir fri og får attende fargene og musikken. Moralen er klar: Dei gode kreftene vinn over dei vonde.

Framsyninga var basert på eit manus av Tor Åge Bringsværd. Musikken var delvis laga av medlemmer i teatergruppa.

Teatergruppa hadde 10 framsyningar av stykket fram til 1. mai.

Instruktør Jorunn Bleken, som sjølv var medlem i teatergruppa.

Premiere: 6. februar, Halli.

**America Libre (Amerika i våre hjarte)**

I 1985 tok gruppa på ny utgangspunkt i Latin-Amerika med kabaréten 'America Libre' (som ei periode også hadde namnet 'Amerika i våre hjarte'). Den var tematisk ei vidareføring av 'Riv ned gjerdene', men nå var alt stoffet, med dikt, sangar og forteljingar m.m., i alle hovudsak henta frå dette kontinentet.

Det var sju framsyningar i 1985, bl.a. på Voss folkehøgskole under fagmøta (særgreinsmøta) i Noregs Ungdomslag..

**Oppdrag**

Sminkestand: Oslo karnebarneval, Frognerparken.

Statistoppdrag: En av oss, NRK/TV.

## 1986

### *America Libre*

#### *Den store fargeslukaren*

#### *Sangprogram*

#### *TV-program*

### **America Libre**

Framhald av programmet, med åtte framsyningar. Musikken vart spela inn på band.

### **Den store fargeslukaren**

Innspeiling av musikken på band.

### **Sangprogram**

Eit mindre program med utvalde sangar var framført tre gonger.

### **TV-program**

NU var ein av dei 10 landsomfattande organisasjonane som i 1986-1987 fekk moglegheit til å sende eit eigenprodusert TV-program i NRK i serien TV-Ti. Teater G 35+ vart invitert til å representere NU med eit program som tok for seg det internasjonale engasjementet i organisasjonen. Saman med skodespelar og instruktør Magne Brevik og produksjons-selskapet Studio Oslo stod teatergruppa for opplegg og gjennomføring av programmet, og gruppa brukte sangar og materiale frå 'America Libre'. Sendedatoen for TV-programmet fall saman med Kirkens Nødhjelps TV-innsamlingsaksjon 'Hjelp uten grenser', og teatergruppa valde derfor solidaritetsarbeid som hovedtema for TV-programmet. NU hadde i nokre år eit samarbeids-prosjekt med Kirkens Nødhjelp i Nicaragua.

I samband med førebuingane til TV-programmet arrangerte teatergruppa ein internasjonal kveld i Halli 10. oktober, der det vart gjort opptak til programmet. Det var besøk bl.a. av Petter Skauen og Thor Ullerø frå Kirkens Nødhjelp, og Aslak Aarhus og Vegard Bye som viste bildespelet 'Nicaragua'. Teatergruppa presenterte 'America Libre'. TV-programmet vart sendt i NRK søndag 19. oktober.

### **Oppdrag**

Sminkestand: Oslo karnebarneval, Frognerparken.

## 1987

### *Veslefrikk*

#### *Opningssang Nordiske Teaterdager*

#### *Oslo Kabaret*

### **Veslefrikk**

Hausten 1986 starta arbeidet med ein av dei største teaterproduksjonane Teater G 35+ gjennomførte, ein omarbeidd og moderne versjon av eventyret om Veslefrikk med fela. Musikkspølet følgjer temaet i eventyret om den unge og fattige guten som får spesielle evner etter eit møte med ein framand og mystisk mann. Han får ei børs som set han i stand til å treffe alt han skyt på, og ikkje minst kan han spele slik på fela at alle må danse.. Her sluttar så parallellen, i det musikkspølet hoppar inn i vår eiga tid og syner oss ein ung, ærgjerrig og framstormande Veslefrikk, som vil vinne meir enn prinsessa og halve

kongeriket. Han klatrar mot toppen og overtek rolla som byens store restaurantkonge, og går i eit miljø der det viktigaste er å skaffe seg suksess og rikdom, koste kva det koste vil. Men så møter han att lagnaden i form av den gamle mannen som ein gong ga han dei spesielle evnene, og som han har brukt til å skaffe seg sjølv makt og rikdom.

Teater G 35+ bearbeidde sjølv teksten til eventyret om Veslefrikk og sette musikk til stykket. I alt var det 22 medverkande og involverte i produksjonen.

Det var i alt seks framsyningar med Veslefrikk, og musikken vart spela inn på band.

Instruktør Røy Lie Jonassen.

Premiere: 5. februar, Nordre Teater.

### **Opningsang Nordiske Teaterdager**

Norsk Amatørteatererråd var arrangør av Nordiske Teaterdager på Romerike Folkehøgskole i slutten av juni og byrjinga av juli, og Teater G 35+ deltok i opningsprogrammet med den spesiallaga sangen 'Velkommen hit i sommertid'.

### **Oslo Kabarét**

Dette var eit program med sjølvlaga tekster og musikk, og som kom til ved at teategruppaa vart innvitert til å medverke i det såkalla helsingsmøtet i Oslo Rådhus 22. oktober mellom Oslo by og innflyttarlaga gjennom Bygdelagssamskipnaden og By- og bygdelagsforbundet. Æresgjest ved arrangementet var kronprins Harald. Gruppaa sitt program var bygt opp som ei radiosending, med singlar, nyheitsinnslag og kulturnytt m.m. Programmet vart vist to gonger til etter arrangementet i Rådhuset, bl.a. på Sørmarka i samband med møte i Norsk Amatørteatererråd.

### **Oppdrag**

Sminkestand: Oslo barnekarneval, Frognerparken  
Statistoppdrag: Quisling, NRK/TV.

## **1988**

### *Norske sleivspark*

#### *Sangprogram*

#### *Raudost-programmet*

#### *Presentasjon i NRK*

### **Norske sleivspark**

Teater G 35+ gjekk i gang med nok ein stor produksjon, eit tidsaktuelt musikkspel med undertittel 'Ein fordomsfull kabarét'. Handlinga er lagt til båten Skiblander som går i fart på Mjøsa og med kurs for Mesna Brygge i Lillehammer. Passasjerane på denne turen utgjer ei brokete forsamling, kanskje eit slags tverrsnitt av den norske befolkning. Kaptein Hagen derimot er slett ingen gjennomsnitts-kaptein. Han er einaste mannskap om bord, da han har greidd å rasjonalisere bort alle tidlegare tilsette. Økonomi er eit brennheitt tema, og om bord finn vi både ein banksjefar, oppkomlingar og den menige mann og kvinne. Bankfolk og oppkomlingar ser ut til å øve ei magnetisk tilrekkingskraft på kvarandre, dei inngår så og seie i ei naturleg symbiose. Om bord er også ein lokalpolitikar frå oppi dalen, som har sterke meiningar om det aktuelle emne innvandring. Kaptein Hagen kjenner si plikt til å

underhalde passasjerane, og han organiserer dette på sine eigen måte. Det går likevel ikkje alltid slik han har tenkt. Skuta gjev det beste utgangspunkt også for romantikk og lyriske stemningar. Men – vi lever i ei farleg tid, og ei herleg tid. Ttek vi stilling til samfunnsproblema? Eller overlet vi roret fullstendig til dei som er betalt for å ta glupe avgjerder og styre skuta framover? Slik at vi sjølve kan bruke fredagskvelden til avspenning, få løyst ut litt av aggresjonen som har samla seg i veka? Turen over Mjøsa endar som ein kunne frykte – kaptein Hagen mister kontrollen og kjører skuta rett inn i Mesna Brygge.

Teater G 35+ skreiv sjølv tekst og musikk til stykket (det siste riktignok med hjelp bl.a. av E. Grieg, Troidhaugen, som det står i programbrosjyra), I alt var det 12 medverkande og involverte i produksjonen.

Det var i alt fire heile framsyningar med ‘Norske sleivspark’, bl.a. under den nasjonale amatørteaterfestivalen på Lillehammer i juni. I tillegg presenterte gruppa ein kortversjon av stykket i samband med NU sine fagmøte på Sørmarka i forkant av premieren.

Instruktør: Hanne Dahle.

Premiere: 14. juni, Amatørteatersentret.

### **Sangprogram**

Program med egne egne tekster og melodiar.

### **Raudost-programmet**

Sangprogram i samband med markering av 125-årsjubileet for raudosten. Sangen ‘Raudosten’, med eigenskrive tekst, skulle bli ein ny ‘signatur-melodi’ for gruppa.

### **Presentasjon i NRK**

Teater G 35+ vart presentert i «Sånn er livet», NRK/P1.

## **1989**

### *Sangprogram/Raudost-programmet*

#### *America Libre*

### **Sangprogram/ Raudost-programmet**

Dette var framhald av programma frå året før, og vart framført éin gong kvar.

#### **America Libre**

Dette var også framhald av tidlegare program, og var framført to gonger.

### **Oppdrag**

Sminkestand: Oslo karnebarneval, Frognerparken; Tusenfyrd.

Statistoppdrag: Informasjonsvideo, Stor-Oslo lokaltrafikk; Aksjemordet, NRK/TV.

## **1990**

### *Jubileumprogram til Gudbrandsdalslaget i Oslo og Dale-Gudbrand*

#### *Horpa*

#### *Tur til Nicaragua*

## **Mediepresentasjon** **Ljusbildeprogram**

### **Jubileumprogram til Gudbrandsdalslaget i Oslo og Dale-Gudbrand**

Gudbrandsdalslaget feira 70 år og Dale-Gudbrand 40 år (laget for 'eldre dølar') med felles fest på Ingeniørenes Hus 10. februar. Teater G 35+ deltok med eit program samansett av sangar frå 'America Libre' m.m.

### **Horpa**

På nyåret starta arbeidet med ein ny teaterproduksjon, 'Horpa', og med det som skulle bli Teater G 35+ si største satsing, ein utvekslingstur til Nicaragua med framsyningar av 'Horpa' og oppfølginga med teaterproduksjonen 'Haien og sardinane' i 1991.

'Horpa' er ei folkeviseballade brukt til dans som har hatt stor utbreiing i Norge. Hovedmotivet i balladen er likevel allment og internasjonalt, nemleg trua på omskaping og sjelevandring, at døde menneske kan kome att som dyr eller andre skapningar. Dette er eit motiv vi finn i viser, eventyr og segner frå mange land verda rundt.

I vår oppsetting vart det nytta både kjente versjonar av folkevisa 'Horpa', andre folkeviser og sjølv laga musikk. Vi følgde i hovudtrekk handlinga i teksta i vuisa, men tolka samtidig teksta på vår eigen måte for å få fram ei dramatisk handling for teater. Oppsettinga var utan replikkar, og basert på visuelle virkemiddel i ei blanding av dramatiske og humoristiske scener. Det var med andre ord ikkje nødvendig å forstå norsk for å ha fullt utbytte av framsyninga. Arbeidet med 'Horpa' vart det vi må kalle prosess-teater, med mange og lange diskusjonar og mykje prøving og eksperimentering. Det er all grunn til å gje honnør til hovedinstruktøren Hanne Dahle for stort tolmod i dette arbeidet.

Jarnfrid Kjøk (i denne samanheng stevjar og folkevisekjennar) og Velle Espeland (folklorist, leiar av Norsk visearkiv) hjalp oss med idéar, bakgrunnsstoff og visetilfang.

Både reaksjonane under framsyningane og samtalene med publikum i Nicaragua synt oss at valget av tema og presentasjonsform var svært vellykka. Det var åtte framsyningar i Nicaragua med eit samla publikumstal på anslagsvis 1.900, på det meste var det ca 500 tilstades på ei framsyning. I forkant av turen til Nicaragua hadde vi åtte framsyningar her heime, bl.a. i Ål i Hallingdal under landsstemna i Noregs Ungdomslag. Om hausten vart det tre nye framsyningar, den eine var ei prøveframsyning for evt. deltaking i verdensfestivalen for amatørteater i Monaco i 1991, utan å lykkas med det.

Instruktørar: Hanne Dahle, med Marit Hoel som medinstruktør.  
Scenografi: Karin Fransrud.

Premiere: 24. april, Gudbrandsdalslaget, Halli.

### **Tur til Nicaragua**

28. juli.-18. august. Framsyningar av 'Horpa', innsamling av dokumentasjon og materiale med sikte på ny teaterproduksjon.

### **Mediepresentasjon**

I samband med turen til Nicaragua, bl.a. i NRK/Østlandssendinga, NRK/Oppland, Radio OK og Ottadalsradioen.



**Ljosbildeprogram**

Eit ljusbildeprogram frå Nicaragua-turen vart vist fem gonger.

**Oppdrag**

Sminkestand: Oslo karnebarneval, Frognerparken.

Statistoppdrag: Døden på Oslo S, Norsk Film; Anders Jahre, NRK/TV.

**1991**

*Haien og sardinane*

*Prosjekt Bolt 91*

*Sangprogram '91*

*Presentasjon i Ottadalsradioen*

*Ljosbildeprogram*

**Haien og sardinane**

Planlegging av ein ny teaterproduksjon basert på Nicaragua starta opp allereie hausten 1990 og kom for alvor i gang på nyåret. Dette er den mest omfattande teaterproduksjonen gruppa nokon gong gjennomførste.

Med 'Haien og sardinane' ville vi formidle inntrykka våre frå Nicaragua. Vi tok utgangspunkt i sentrale hendingar frå 1502, da indianarane oppdaga Columbus, og fram til vår tid, og blanda dette med ulike element til ein bildevev som presenterte både fakta og fiksjon, alvor og glede, lys og skugge. I Latin-Amerika må vi gå bak den tilsynelatande realismen for å finne dei historiske drivkreftene. I teaterstykket vårt vart dei historiske realitetane vove inn i dei rammene vi oppfatta er Nicaragua – dansen og sangen, fargane og mønstra, heltane og martyrane, livsgleda som eksisterer trass i all fornedring og framandgjering. Historia til dette landet er i seg sjølv så absurd at den på oss kjølege nordeuropearar kan verke som eit drama vi trur kan finnast berre på ei teaterscene eller i ein sirkusmanesje. Vi møter også eit persongalleri som retteleg høyrer scena eller manesja til, bl.a. lykkejegaren William Walker frå USA, som på 1850-talet saman med ein handfull leigesoldatar inntok Nicaragua, gjorde seg sjølv til president og starta den lange rekka av nordamerikanske maktovergrep og invasjonar i landet. Vi kan ikkje forstå eller forklare, og prøvde ikkje å gjere dette gjennom teatret vårt. Vi kunne berre formidle det vi trudde at vi såg, og håpa at vi greidde den oppgava på ein skikkeleg måte.

Manus var utarbeidd av Teater G 35+ og instruktør Magne Olav Brevik. Alt sangmateriale var frå Nicaragua.

I alt var 19 personar involverte i produksjonen, og det var 14 framsyningar i løpet av året, bl.a. i Odda under landsstemna til NU I talet framsyningar inngår to prøver/utdrag før premieren.

I programmet inngjekk sangen 'Nicaragua, Nicaraguita' som vi hadde lært oss under besøket i Nicaragua, og som seinare kom til å bli ein av gruppas 'signatur-sangar'.

Instruktør Magne Olav Brevik.

Koreografi Trond Winterkjær.

Premiere: 29. juni, Odda, landsstemna i NU.

**Prosjekt Bolt 91**

Kurs- og foredragsprogram med Alana Bolt frå Nicaragua, i samarbeid med Noregs Ungdomslag og Norsk Amatørteaterråd.

**Sangprogram '91**

Det var éi framsyning med eit program samansett av delvis kjente og delvis sjølvlagde sanger.

**Presentasjon i Ottadalsradioen**

Ein breie presentasjon av Nicaragua-turen, med inntrykk frå landet og opplevingane til gruppa.

**Ljosbildeprogram**

Ljosbildeprogram frå Nicaragua-turen vart vist ein gong.

**Oppdrag**

Sminkestand: Oslo barnekarneval, Frognerparken.

**1992****Ein munnfull ost**

Sangprogram

**Oppdrag**

Sminkestand: Slurpen; Oslo Galleri; Oslo karnebarneval, Frognerparken; Bygdelags-samskipnaden i Oslo.

Statistoppdrag: Morsarvet, NRK/TV og SR/TV; informasjonsvideo, Eccho Norge A/S.

**1993***Ein munnfull ost**Nordisk råd**Casa de Cultura, Nicaragua***Ein munnfull ost**

Sangprogram.

**Nordisk råd**

Nordisk råds sesjon vart arrangert i Oslo, og Teater G 35+ var invitert til å underhalde ved to arrangement: Sangen 'Årets kabarét' til sekretariatsfest for tilsette i dei nasjonale delegasjonane til Nordisk råd, og seinare eit sangprogram i samband med fest for dei tilsette i Stortinget som takk for innsatsen under sesjonen.

**Casa de Cultura, Nicaragua**

Innsamlingsaksjon til Casa de Cultura i Nicaragua, 10.000 kr overlevert til Noregs Ungdomslag.

**Oppdrag**

Sminkestand: Iskarneval, Frogner stadion; Oslo karnebarneval, Frognerparken; Ingierstrand; Det Norske Teatret.

## 1994

### *Mjølner*

#### *Døla Piratsender*

### **Mjølner**

Nok ein stor og omfattande teaterproduksjon, som skulle bli den siste Teater G 35+ gjennomførte. Det var einaste gong gruppa nytta seg av ei forteljing frå norrøn mytologi, og vi valde historia om guden Tor som mistar hamaren Mjølner (kanskje best kjent som Trymskvida). Produksjonen var basert på utdrag frå skodespelet 'Odin' av Tor Åge Bringsværd, med enkelte endringar og tillegg av Teater G 35+. 'Odin' var utgjeve på Gyldendal Norsk Forlag i 1991, og Bringsværd og teatersjef Janken Varden ved Oslo Nye Teater ga gruppa løyve til å nytte det aktuelle urdraget av skodespelet. Forfattern skriv i føreordet til 'Odin' blant anna følgjande: De gamle historiene om Odin og Tor, Balder, Frøya og Loke er en vesentlig del av vår kulturarv. De fortjener å bli holdt levende. Det er et spørsmål om å ha røtter.

I alt var 19 personar involverte i produksjonen.

Alle sangane m/tekster var laga av Teater G 35+. Av visse årsaker greidde vi å få til berre tre framсыningar, alle i samband med ein kulturfestival på Bootleg i Oslo. Musikken vart spela inn på band og brukt som kontentum under sjølve framсыningane.

Instruktør: Hanne Dahle.

Premiere: 25. april, Kulturfestival, Bootleg.

### **Døla Piratsender**

Kabarét med sjøllaga tekster og musikk.

### **Oppdrag**

Sminkestand: Iskarneval, Frogner stadion; Bygdøsystemna; Oslo karnebarneval, Frognerparken; Ingierstrand, Det Norske Teatret.  
Statistoppdrag: Asylet, NRK/TV.

## 1995

### **Mjølner**

Det vart gjort forøk med ei ny oppsetting av 'Mjølner', men arbeidet vart avbrote 21. mars. Med det var i praksis også verksemda i Teater G 35+ avslutta.

### **Oppdrag:**

Statistoppdrag: Du bestemmer, NRK/TV.

## **5. Etter 1995**

### **2004**

Tidlegare medlemmer arrangerte 25-årsmarkering for starten på det som skulle bli Teater G 35+. Det vart presentert eit utvalg sangar med samnabindande tekster om teatergruppa si historie.

### **2010**

Tidlegare medlemmer arrangerte jubileumsfest for å markere at det var 30 år sidan starten på engasjementet for Latin-Amerika og 20 år sidan turen til Nicaragua. Gruppa presenterte eit program samansett av sangar frå 'Riv ned gjerdene' og 'America Libre'.

### **2011**

Tre av dei tidlegare medlemmene i Teater G 35+ var inviterte til å framføre eit program i samband med Gåsøsymposiet, som vart arrangert på Klaapsetra på Gåsøya i Øvre Svatsum i Vestre Gausdal. Programmet hadde tittelen 'Riv ned gjerdene' – om lengsler, kjærleik og fridomskamp, og var samansett av sangar frå gruppa sine tidlegare program 'Riv ned gjerdene' og 'Latin-America Libre' samt andre sangar innan same kategori.

### **2016**

Teater G 35+ gjorde lydopptak av eit utvalg sangar frå produksjonane sine, som ledd i eit dokumentasjonsprosjekt. 14 dagar seinare vart sangane, med samanbindande tekster om gruppa si historie, framførte under eit arrangement på Oslo teatersenter, med ca 35 gjester tilstades i salen.

### **2017**

Boka «Da var laget godt å ha – Gudbrandsdalslaget i Oslo 1920-2013» vart lansert på eit arrangement Stiftinga G-Kultur hadde på Bikuben på Det Norske Teatret. Teater G 35+ framførde fire sangar «frå arkivet» sitt. Det var ca 90 gjester på Bikuben under boklanseringa.

## 6. Deltakarar i produksjonar, diverse program og statistoppdrag m.m. 1979-1994, samt i 2016-2017

<p>Kjersti Andersen Waldemar Andresen Anne Kirsti Augestad Torunn Aukrust Berit Aune Kjell Austin Heidi Lise Bakke Anne Bakkeberg Kolbein Blakar Jorunn Bleken Hilde Blomberg Svein Erik Brodal Elly Christensen Anne Dahl Svein Dalflyen Ann Inger Damstuern Fayette Egede-Nissen Øystein Felberg Jack Fjeldstad Karin Fransrud Jarleif Fyrun Borghild Garmo Randi Gilleberg Mona Gjerdbakken Lisa Grindvold Marit Grindvold Pearly Grindvold Karen S. Halleraker Ingeborg Hamre Odd Magne Haugen Rønnaug Haugstad Åshild Haugstad Jan Hellerud Bjørn Ivar Hensvold Mona Hermansen Marit Hoel</p>	<p>Ida Marie Holmin (2016-17) Hilde Holt Torbjørn Holt (2017) Tor Hovden Knut Hovslien Trond Ingebrigtsen Mashfiqul Islam Astrid H. Johansen Rolf Erik Johansen Åsa Johansson Björg Joten Kari Anne Kaurstad Knut Karijord Larry Kirkedall Bjørn Kjellquist Jarnfrid Kjøk Knut Kjøk Olga Kjørren Knut Klashaugen Svein Kolden Anne Kari Kvamme Jon Kveen Kari Kveum Siri Kverndokk Nils Kårfald Trond Liland Erik Lie Johnny Lund Aase Lund Borghild Lundeby Petter Lysgaard Geirr Lystrup Mette Mogensen Bengt Arild Morken Toril Myrtveit Rønnaug Mølmen</p>	<p>Atle Nilsen Line Renate Nordli Torhild Nordstad Gunnlaug Norheim Liv Odden Arne Oftedal Randi Oppedal Signe Opsahl Øyvind Pedersen Antonio da Silva Anne Marie Skafløtten Synnøve Skamsdalen Reidar Skjellkvåle Per Skjerpingsstad Anna Sole Fritjof Sole Randi Sommervold Sverre O. Sperstad Anita Spiten Liv Kirsten Stee Dag Ole Storrøsten Sissel Strømnes Reidun Sveaass Jarl Sørensen Borghild Tannum Hans Jacob Tannum Hilde Tannum Jan Olav Tuterud Berit Viken Catrin Wesenberg Marianne Widskjold Dag Ødegaard Lars Ole Ørjasæter Göran Åkesson</p>
--	--	--

**7. Instruktører m.m.**

1981	Riv ned gjerdene	Erik Lie
1982	Den vesle forskjellen	Nils Gunnerud
1985	Den store fargeslukaren	Jorunn Bleken
1986	Riv ned gjerdene, NRK TV	Magne Olav Brevik
1987	Veslefrikk	Roy Lie Jonassen
1988	Norske sleivspark	Hanne Dahle
1990	Horpa	Hanne Dahle Marit Hoel, medinstruktør Karin Fransrud, scenografi Ingeborg Hamre og Gunnlaug Norheim, dekorasjonar
1991	Haien og sardinane	Magne Olav Brevik Trond Winterkjær, koreografi
1994	Mjølner	Hanne Dahle

## 8. Framsyningar og publikumstal

År	Produksjon	Framsyningar	Publikum
1979	Døla Piratsender	2	300
1980	60-årsjubileum Gudbrandsdalslaget	1	240
	Eit program om fridom	2	130
	Riv ned gjerdene	5	150
1981	Riv ned gjerdene	18	1.000
1982	Den vesle forskjellen	3	360
	Riv ned gjerdene	5	720
1983	60-årsjubileum BLS	1	60
	Revyprogram landsstemna i NU	2	320
	Gudbrandsdalen i ord og tonar	1	50
	Den vesle forskjellen	1	40
1984	Den vesle forskjellen	4	75
	Gudbrandsdalen i ord og tonar	3	100
	Riv ned gjerdene	2	50
1985	Den store fargeslukaren	11	480
	America Libre	7	415
1986	America Libre	9	320
	Sangprogram	3	220
1987	Veslefrikk	5	200
	Opningssang Nordiske Teaterdager	1	150
	Oslo Kabarét	4	935
1988	Norske sleivspark	3	300
	Sangprogram	1	50
	Norske sleivspark, utdrag	2	250
	Raudost-programmet	1	30
1989	Sangprogram	1	50
	Raudost-programmet	1	50
	America Libre	2	40
1990	70-årsjubileum Gudbrandsdalslaget og 40-årsjubileum Dale-Gudbrand	1	150
	Horpa, Norge	11	575
	Horpa, Nicaragua	8	1.900
	Ljosbildeprogram frå Nicaragua	5	150
1991	Haien og sardinane	14	740
	Sangprogram '91	1	20
	Ljosbildeprogram frå Nicaragua	1	30
1992	Ein munnfull ost	9	750
1993	Opningssang og program Nordisk råd	2	200
	Ein munnfull ost	4	200
1994	Mjølner	3	80
	Døla Piratsender	2	55

## 9. Framsyningsdatoar, arrangørar og spelestader m.m.

### 1979

21.3.	Døla Piratsender	Gudbrandalslaget, Halli
24.5.	- « -	Marlo grendehus, Skjåk
3.12.	- « --	Opptak NRK Oppland, Småsalen

### 1980

15.1.	Døla Piratsender	Presentasjon NRK Oppland
23.2.	Jubileumsprogram	Gudbrandsdalslaget 60 år, Samfunnssalen
28.5.	Eit program om fridom	Gudbrandsdalslaget, Halli
1.6.	- « -	Bygdøystemna, Friluftsscena
23.10.	Riv ned gjerdene	SoSuNor, Halli
1.11.	- « -	Studentmållaget, Blindern
12.11.	- « -	Valdreslaget, Halli
26.11.	- « -	Gudbrandsdalslaget, Halli
29.11.	- « -	Kringkastingsringen, Bondeheimen

### 1981

16.1.	Riv ned gjerdene	Hordalaget, Halli
22.1.	- « -	BUL, Storsalen
3.2.	- « -	Sørlandslaget, Halli
13.2.	- « -	Hundorp samfunnshus
14.2.	- « -	Senterungdommen, Dovre
15.2.	- « -	Maihaugen, Lillehammer
15.2.	- « -	Innspeling av programmet på band, Gausdal
7.3.	- « -	Gudbrandsdal Ungdomslag, Lom
1.4.	- « -	Opptak NRK Oppland, Blåsalen
29.4.	- « -	Bygdeungdomslaget, Kongsberg
6.5.	- « -	Bygdeungdomslaget, Nes i Akershus
8.5.	- « -	Håløyglaget, Storsalen
1.7.	- « -	Edland Ungdomslag, Edland
2.7.	- « -	Landsstemna i Noregs Ungdomslag, Haugesund
11.9.	- « -	Chileaksjonen, Folkets Hus
24.9.	- « -	Trønderungdommen, Halli
25.9.	- « -	Hordalaget, Halli
21.10.	- « -	Sunnmøringen, Halli
10.11.	- « -	Lindeberg fritidsklubb
12.11.	- « -	Noregs Mållag, Bondeheimen

### 1982

12.2.	Riv ned gjerdene	Latinsamerikagruppene i Oslo, Munchmuséet
13.3.	- « -	Norsk Målungdom, Gjettum
1.5.	- « -	Oslo SV, Turnhallen
24.6.	Den vesle forskjellen	Landsstemna i NU, Marlo grendehus, Skjåk
29.10	- « -	Hordalaget, Halli
1..11.	Riv ned gjerdene	BUL, Sarpsborg
6.11.	- « -	BLS, Teatersalen
21.11.	Den vesle forskjellen	Oslo Mållag, Det Norske Teatret



**1983**

12.3.	Jubileumsprogram	BLS 60 år, Storsalen
30.6.	Revyprogram	Landsstemna i NU, Skjennungstua
1.7.	- « -	Landsstemna i NU, Det Norske Teatret
10.12.	Gudbrandsdalen i ord og tonar	Dale-Gudbrand, Tåsensentret
14.12.	Den vesle forskjellen	Gudbrandsdalslaget, Halli

**1984**

7.3.	Gudbrandsdalen i ord og tonar	Gudbrandsdalslaget, Halli
26.3.	Den vesle forskjellen	- « -
26.3.	Gudbrandsdalen i ord og tonar	- « -
30.3.	Den vesle forskjellen	Vinstra ungdomslag, Folkets Hus
31.3.	- « -	Vårdalen ungdomslag, Garmo
31.3.	Gudbrandsdalen i ord og tonar	Gudbrandsdal Folkehøgskole, Hundorp
1.4.	Den vesle forskjellen	Fåberg Bygdeungdomslag, Rudsbygd
5.-6.5.	- « -	Innspeling av musikken på band, NRK
6.10.	Riv ned gjerdene	Amnesty-aksjon, Enebakk
13.10.	- « -	Amnesty-aksjon, Asker

**1985**

6.2.	Den store fargeslukaren	Teater G 35+, Halli
3.3.	- « -	BLS, Halli
13.3.	- « -	Bygdelagskoret, Halli
19.3.	- « -	Teater G 35+, Halli
26.3.	- « -	Leikarringen Frøy, Ås
17.4.	America Libre	BLS/Internasjonal nemnd, Halli
19.4.	Den store fargeslukaren	Hordalaget, Storsalen
27.4.	- « -	Ungdomsårskomiteén, Marlo grendehus, Skjåk
28.4.	- « -	Ul Ottar Birting, Østre Gausdal
30.4.	- « -	Barnelaget i BUL, Teatersalen
1.5.	- « -	Oslo SV, Halli
1.5.	America Libre	Oslo SV, Turnhallen
1.6.	- « -	NU, Voss folkehøgskole
20.6.	- « -	Teater G 35+, Amatørteatersentret
1.10.	- « -	Ungdomsveka/BLS, Teatersalen
3.11.	- « -	BLS, Halli
27.11.	- « --	Statens Bibliotekhøgskole

**1986**

28.1.	America Libre	Sørlandslaget, Halli
6.2.	- « -	Bærum Mållag/Målungdom, Bekkestua
14.2.	- « -	Chileaksjonen, Tøyens samfunnshus
25.2.	- « -	Leikarringen Frøy, Ås
28.2.	- « -	Hordalaget, Halli
1.6.	Sangprogram	Karnebarnevalet, Frognerparken
5.6.	- « -	Nabogruppe Sagene, Sagene samfunnshus

**1986**

8.6.	Sangprogram	Bygdøystemna/BLS
26.8.	America Libre	Oslo-dagane, Teatersalen
27.8.	- « -	- « -
28.8.	- « -	- « -
2.-5.10.	America Libre og Den store fargeslukaren	Innspeling av musikken på band, Studio Våghalsen
10.10.	America Libre	Teater G 35+, Halli
19.10.	Riv ned gjerdene	NRK TV, program i serien TV-Ti

**1987**

5.2.	Veslefrikk	Teater G 35+, Nordre Teater
6.2.	- « -	- « -
7.2.	- « -	- « -
8.2.	- « -	- « -
15.2.	- « -	- « -
29.6.	Opningsang	Nordiske Teaterdager, Romerike Folkehøgskole
22.10.	Oslo Kabarét	BLS m.fl., Oslo Rådhus
31.10.	- « -	Norsk Amatørteaterråd, Sørmarka
7.11.	- « -	Sogn- og Fjordanelaget, Teatersalen
11.-15.11.	Veslefrikk	Innspeling av musikken på band
16.12.	. « .	Gudbrandsdalslaget i Oslo

**1988**

28.5.	Norske sleivspark	NU, Sørmarka
14.6.	- « -	Teater G 35+, Amatørteatersentret
17.6.	- « -	Nasjonal amatørteaterfestival, Lillehammer
4.9.	Sangprogram	Kunsthåndverkere, Vøyenvollen/Sagene
17.10.	Norske sleivspark	Gudbrandsdalslaget, Halli
27.11.	- « -	SO vintermesse, Sagene samfunnshus
13.12.	Radost-programmet	Gudbrandsdalslaget, Halli
21.12.	Teater G 35+	NRK P1, «Sånn er livet»

**1989**

14.4.	Sangprogram	LNU/Ungdomstinget, Håndverkeren
4.6.	Radost-programmet	Bygdøystemna/BLS
6.10.	America Libre	Hordalaget, Sagene samfunnshus
9.12.	- « -	Amatørteatersentret

**1990**

10.2.	Jubileumsprogram	Gudbrandsdalslaget 60 år/Dale-Gudbrand 40 år, Ingeniørenes Hus
24.4.	Teater G 35+	Radio OK
24.4.	Horpa	Gudbrandsdalslaget, Halli
27.4.	- « -	Hordalaget, Halli
10.6.	- « -	Bygdøystemna/BLS
24.6.	- « -	BUL, Bryggeteatret
24.6.	- « -	- « -
29.6.	- « -	Landsstemna i NU, Ål i Hallingdal
1.7.	- « -	- « -

**1990**

17.7.	Horpa	Amatørteatersentret
21.7.	Teater G 35+	Ottadalsradioen
21.7.	- « -	NRK Østlandssendinga

***Framsyingar av 'Horpa' i Nicaragua:***

30.7.	Estelí	
1.8.	Condega	
2.8.	Ocotal	
4.8.	Managua	
8.8.	León	
11.8.	Granada	
13.8.	San Marcos	
16.8.	Masaya	
1.9.	Teater G 35+	NRK Opplandssendinga
24.9.	Ljosbildeprogram	NU, Bondeheimen
11.10.	Horpa	Hordaringen, Storsalen (prøveframsyning for evt. deltaking i verdensfestivalen for amatørteater i Halden 1991)
19.10.	- « -	Ul Ottar Birting, Segalstad Bru
19.10.	Ljosbildeprogram	- « -
20.10.	Horpa	Ul Verdandi, Lesja
24.10.	Ljosbildeprogram	BUL, Sarpsborg
14.11.	- « -	Gudbrandsdalslaget, Halli
16.11.	- « -	Hordalaget, Halli

**1991**

9.1.	Nicaragua-turen	Ottadalsradioen
23.5.	Haien og sardinane	Prøveframsyning, Amatørteatersentret
1.6.	- « -	Amatørteatersentret (utdrag)
29.6.	- « -	Landsstemna i NU, Odde
2.9.	- « -	Amatørteatersentret
3.9.	- « -	- « -
4.9.	- « -	- « -
5.9.	- « -	- « -
7.9.	- « -	- « -
18.10.	- « -	Vestre Slidre kulturstyre, Asylmottaket Røn
19.10.	« -	Farnes ungdomslag, Øvre Årdal
20.10.	- « -	Leveld teaterlag, Leveld, Hallingdal
22.10.	- « -	Amatørteatersentret
10.11.	Ljosbildeprogram	Oslo Folkeakademi, Universitetet
15.11.	Sangprogram '91	Gudbrandsdalslaget, Blåsalen
29.11.	Haien og sardinane	Øyer teaterlag/Øyer kulturkontor, Tingvang

**1992**

20.3.	Ein munnfull ost	Sogn og Fjordanelaget, Halli
8.5.	- « -	Hordalaget, Halli
9.5.	- « -	NU, Sørmarka
9.9.	- « -	Teater G 35+, Amatørteatersentret (sminkefest)

**1992**

11.11.	Ein munnfull ost	BUL, Teatersalen
21.11.	- « -	Ringens/Bryn Janitsjar
6.12.	- « -	Demokratiforum, Samfunnssalen
13.12.	- « -	Lillestrøm Janitsjar

**1993**

1.3.	Velkommen!	Nordisk råd, Restaurant Ludvik (opningssang)
24.3.	Ein munnfull ost	Fest for tilsette i Stortinget
21.4.	- « -	Gudbrandsdalslaget, Halli
24.4.	- « -	NU/Vårslepp, Stortingsplassen
9.6.	- « -	Nordisk Amatørteaterråd, Sørmarka

**1994**

Mars/april	Mjølner	Innspeling av musikken og kontentum på band
23.4.	- « -	Amatørteatersentret/Kulturfestival, Bootleg.4.
25.4.	- « -	- « -
26.4.	- « -	- « -
20.10.	Døla Piratsender	Gudbrandsdalslaget, Blåsalen
21.10.	- « -	Hordalaget, Halli

**Seinare prosjekt****2004**

11.9.	Sangprogram	25-årsjubileum for starten på teatergruppa, Kulturslottet Soria Moria. (Med Anne Kirsti Augestad, Jan Hellerud, Jorunn Bleken, Knut Hovslien, Marit Hoel, Nils Kårfald, Rønnaug Haugstad)
-------	-------------	--

**2010**

13.11.	Sangprogram	Jubileumsfest, markering av 30 år for Latin-Amerikaengasjementet og 20 år for turen til Nicaragua, Forsamlingslokale Øvre Lindeberg. (Med Jan Hellerud, Jorunn Bleken, Kjell Austin, Knut Hovslien, Nils Kårfald, Patricia Kårfald)
--------	-------------	--

**2011**

13.8.	Riv ned gjerdene	Sangprogram, Gåsøya i Øvre Svatsum. (Med Kjell Austin, Knut Hovslien, Nils Kårfald)
-------	------------------	--

**2016**

6.2.	Riv ned gjerdene	Sangprogram, lydopptak Studio Frysjaveien
20.2.	Riv ned gjerdene	Framsyning, Oslo teatersenter (Både lydopptak og framsyning med Ida Marie Holmin, Jan Hellerud, Jorunn Bleken, Kjell Austin, Knut Hovslien, Nils Kårfald. Regi-/konsulenthjelp Hanne Dahle)

**2017**

21.4.

Riv ned gjerdene

Sangprogram, Bikuben på Det Norske Teatret  
I samband med Stiftinga G-Kultur si lansering av  
boka «*Da var laget godt å ha – Gudbrandsdals-  
laget i Oslo 1920-2013*»  
(Med Ida Marie Holmin, Jan Hellerud, Jorunn  
Bleken, Rønnaug Haugstad, Torbjørn Holt, Kjell  
Austin)

**Teater G 35+**  
***Ein liten go'bit***